

Bygg & Eiendom Vest AS
Idrettsvegen 3
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9084 - 22/784

Saksbehandlar:
Mette Robertsen
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:
10.01.2022


Fortsatt mangler ved søknaden - gbnr 123/87 Risa

Tiltak: Tomannsbustad
Byggjestad: Gbnr: 123/87
Tiltakshavar: Helland Eiendom & Invest AS
Ansvarleg søker: Bygg & Eiendom Vest AS

Kommunen syner til søknad om tiltak motteke 27.10.2021, og etterfylgjande førespurnad om komplettering av brev datert 31.12.2021, motteke 04.01.2022. Søknaden har framleis manglar, og vert ikkje registrert før kommunen har motteke følgande supplerande dokumentasjon:

Samferdsel,- veg ønskjer følgande supplerande teikningar før dei vil komme med endeleg uttale i saka, når det gjeld søknad om ny avkøyslse:

1. Teikning som syner snuplass(ar), og svingradius på eigendommen.
2. Lengdesnitt gjennom avkøysle som viser avkøyrsla sin geometriske utforming.
3. Grøfteareal mellom kommunal veg og parkeringsareal må visast på planen (1 m).
4. Siktzone som er vist på situasjonsplan vedlagt søknad (fig. 1) er målt til 1 x 20 meter. Siktzone stetter ikkje minste krav til sikt. Siktzone er målt frå vegmidt og ikkje frå kant kommunal veg. Siktende skal målast til midt køyrefelt (køyrefelt = vegbredde : 2).



(fig. 1)



Vidare er det administrasjonens vurdering at tiltaket treng å dispensere, og søkje om følgande:

1. Dispensasjon frå byggegrense mot veg for etablering av parkeringsplassar slik dei no er skissert utafor byggjegrensa.
2. Dispensasjon frå § 2.12 i Reguleringsplanen, Rissundet Plan-ID 1263 28091977.
Nye innsendte teikningar syner terrengarbeid, med ein differanse mellom opphøveleg og nytt terrenget, på opp til om lag 2,5 meter i nabogrensa. Kommunen legg til grunn at dette høvet treng terremmurar (og gjerde) som held massane på plass, noko som ikkje er gjort reie for på teikningar. Om tiltaket kjem i strid med § 2.12 i gjeldande reguleringsplan, er det naudsynt å søkje dispensasjon frå reguleringsplanen.

Vi gjere generelt merksam på at alle dispensasjonar må nabovarslas, samt at det er naudsynt med nabokerlæring dersom tilhøvet skjeringar/ fyllingar og mur inntil nabogrense er søknadspliktig. Administrasjonen ber om målsett teikningar som syner tilhøvet mellom eigedom og nabogrense(r) for vidare vurdering.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 07.02.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysingane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Mette Robertsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bygg & Eiendom Vest AS
Helland Eiendom & Invest AS

Idrettsvegen 3
Idrettsvegen 3

5936 MANGER
5936 MANGER